

Vedtekter for Norske Lagsbruk

(Tidligare Lagsbrukssamskipnaden)

Vedteken på årsmøtet den 20. april 1997.

§ 1

Norske Lagsbruk er eit samarbeidsorgan for lagsbruk i Noregs Ungdomslag (NU) og Noregs Mållag (NM)

Med lagsbruk meiner ein her verksemder/lagshus der NU og/eller NM, deira lokallag eller fylkeslag har eigarinteresser eller vedtektsfesta plass i styringa.

Verksemder som driv utan skjenking av alkohol, kan vere medlem i Norske Lagsbruk. Dei to landslaga er medlemmer i Norske Lagsbruk.

§ 2

Norske Lagsbruk skal hjelpe til med utvikling av samarbeidstiltak mellom medlemsverksemdene. Norske Lagsbruk skal tilby medlemsverksemdene og deira eigarlag råd og rettleiing i organisatoriske, faglege, økonomiske og juridiske saker. Til dette kan organisasjonen knyte til seg dei fagfolk og konsulentar som trengs.

§ 3

Norske Lagsbruk skal ha eit styre på 5 medlemmer og 2 varamedlemmer. Styreleiaren blir valt for eitt år om gongen. Dei 4 andre blir valt for to år om gongen, men slik at 2 er på val kvart år. Varamedlemmer er på val kvart år. Ingen kan ha meir enn seks år samanhengande tenestetid i styret.

Styre- og varamedlemene må vere medlemmer i NU og/eller NM, eller vere med i styringa av eit lagsbruk som tillitsvald eller som tilsett.

Styre- og varamedlemmene bør veljast slik at dei ymse landslutane vert representerte i styret.

Styret vel seg imellom nestleiar og tilset dagleg leiar.

Styret er vedtaksført når minst tre er til stades.

§ 4

Årsmøtet er øvste styringa i Norske Lagsbruk. Det skal haldast ein gong for året innan 1. mai. Årsmøtet skal ha føre seg:

1. Årsmelding frå styret.
2. Rekneskap for Norske Lagsbruk.
3. Årsmelding og rekneskap for Lagsbruksfondet. (jfr. fondsvedtektene § 4).
4. Val av styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer, revisor for Norske Lagsbruk og Lagsbruksfondet.

5. Fastsette godtgjersla til styret.
6. Andre saker som styret eller medlemmene tek opp.

Årsmøtet skal kallast inn med minst ein månads varsel. Saklista og tilfanget skal sendast ut minst 14 dagar før møtedagen.
NU, NM og kvart lagsbruk har rett til to utsendingar med røysterett.

Utsendingane skal ha fullmakt frå styret i det einskilde lagsbruket. Styret i Norske Lagsbruk har røysterett med unntak av årsmelding og rekneskap. Omframtr årsmøte kan kallast inn når styret eller minst fem lagsbruk krev det. Slik innkalling skal skje med minst 14 dagars varsel. Omframtr møte kan berre ha føre seg saker som er tekne med i innkallinga.

§ 5

Lagsbruka svarer ei årleg avgift for faglege tenester. Avgifta skal reknast etter to promille av samla netto omsetning (frårekna MVA). Lågaste kontingent blir sett til kr 3.000,-, høgste til kr 15.000,-.

NU betaler kr 15.000,- for tenester til lagshusa.

I tillegg skal det svarast ei avgift til Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag for bruken av Solfuglen som varemerke.

Begge avgiftene skal betalast i januar etter ei førebels avrekning. Endeleg avrekning blir gjort så snart rekneskapen frå verksemda ligg føre, og skal betalast seinast 15. september.

Dersom det er tvil om grunnlaget for utrekninga av avgifta, fastset styret i Norske Lagsbruk avgiftssummen. Eit lagsbruk kan anke ei slik avgjerd inn for årsmøtet.

Lagsbruk som melder seg ut av Norske Lagsbruk, må betale avgifta heilt ut og stå som medlemmer ut året og året etter.

§ 6

Kvart lagsbruk skal sende rekneskap og årsmelding til Norske Lagsbruk så snart dei er handsama i årsmøte, og seinast innan 15. juli kvart år.

Dersom eit lagsbruk ikkje har lønsam drift, ber ein om at det snarast blir gitt melding til Norske Lagsbruk.

Styret i Norske Lagsbruk skal då tilby fagleg assistanse, og om råd er, gjere framlegg om dei tiltak som krevst for at det kan drivast vidare med lønsam drift. Styret i Norske Lagsbruk kan også gje lån og/eller tilskot til konsulentarbeid dersom eit lagsbruk ikkje sjølv kan make dette.

§ 7

Norske Lagsbruk skal ha eit fond med egne vedtekter.

10 % av den avgifta som vert betalt av lagsbruka, skal tilførast fondet kvart år. Styret i Norske Lagsbruk skal også vere styre i Lagsbruksfondet.

§ 8

Endring i desse vedtektene kan gjerast av eit vanleg årsmøte. Framlegg til endring må vere komen til styret minst to månader før, og sendt ut saman med styret si tilråding med innkallinga til møtet. Endring kan gjerast med 2/3 fleirtal av dei frammøtte utsendingane.